

# Forskningsbiblioteket

## Mer om litteratur, publisering og forskningsinfrastruktur

### Argumentasjonstre skulegudstenester

#### Tema for drøfting: Skulegudstenester

Problemstilling: Skal vi ha skulegudstenester i den norske skulen?

**Tese:** Skulegudstenester høyrer ikkje heime i den norske skulen

**P<sub>1</sub>:** Skulegudstenester er forkynning og bør difor ikkje vera del av skulen.

**c<sub>1</sub>P<sub>1</sub>:** Ein skal i dag aktivt melda seg på, og det finst likeverdige alternativ.

**c<sub>1</sub>c<sub>1</sub>P<sub>1</sub>:** For born som høyrer til mindretalet, vil dette vera eit vanskeleg val.

**c<sub>2</sub>c<sub>1</sub>P<sub>1</sub>:** Alternativa er sjeldan likeverdige, særleg fordi skulegudsteneste ikkje er del av noko fag.

**c<sub>3</sub>c<sub>1</sub>P<sub>1</sub>**: At det må vera frivillig, er i seg sjølv eit uttrykk for at det ikkje høyrer heime i skulen.

**c<sub>2</sub>P<sub>1</sub>**: *Ingen har vondt av å høyra om Jesus og den gode budskapen om nestekjærleik og fred på jord.*

**c<sub>1</sub>c<sub>2</sub>P<sub>1</sub>**: Skulegudstenester splittar meir enn dei samlar – budskapen blir borte.

**c<sub>2</sub>c<sub>2</sub>P<sub>1</sub>**: Kyrkja ville sjølv tena på at gudstenestene blei arrangert utanfor skuletida, born og unge blir meir mottakelege.

**c<sub>3</sub>P<sub>1</sub>**: *Det finst ingen livssynsnøytrale posisjonar. Kvifor skal ateisme og humanetikk råda? Dette er sekulær puritanisme. Verda består av eit mangfald av livssyn.*

**c<sub>1</sub>c<sub>3</sub>P<sub>1</sub>**: Jo – det er ein viktig skilnad på det som byggjer på rasjonell argumentasjon og på det som er tru og mytar.

**c<sub>2</sub>c<sub>3</sub>P<sub>1</sub>**: Å lata vera å synga eller be under ei gudsteneste er ei påkjenning, Om elevane opplever det som religiøs forkynning, ja då er det det, og står i vegen for læringa

**P<sub>2</sub>**: **Jul er ikkje først og fremst ein kristen tradisjon – høgtida finst i mange religionar og fanst også her til lands før kristendommen kom. Alle feirar jul uavhengig av livssyn.**

**c<sub>1</sub>P<sub>2</sub>**: *Norske juletradisjonar er trass alt grunnleggjande prega av kristendommen.*

**c<sub>1</sub>c<sub>1</sub>P<sub>2</sub>**: Ein bør heller læra om kristen julefeiring gjennom KRLE-faget, ikkje gå til gudsteneste. Det aktiverer elevane meir og skapar større refleksjon.

**c<sub>2</sub>c<sub>1</sub>P<sub>2</sub>**: Det er skilnad på å læra om ritual og å ta del i ritual.

**c<sub>2</sub>P<sub>2</sub>**: *Julesongar er norsk litterær kanon – på linje med Håvamål og Ibsen. Gudstenester blir levande formidling.*

**c<sub>1</sub>c<sub>2</sub>P<sub>2</sub>**: I kyrkja er salmesong ei religiøs handling, ikkje litteraturformidling.

**c<sub>3</sub>P<sub>2</sub>**: *Fleire kyrkjer eksperimenterer no med gudstenester utan truvedkjenning og bøn.*

**c<sub>1</sub>c<sub>3</sub>P<sub>2</sub>** Det vil framleis vera religionsutøving; elevane skal vera ein del av kyrkjelyden. Kva er elles poenget med gudsteneste?

**C<sub>1</sub>**: **Skulegudstenester er innføring i kulturarven vår, i 1000 år gamle norske tradisjonar. Dei har såleis eit grunnlag i opplæringslova.**

**c<sub>1</sub>C<sub>1</sub>**: *Kulturarven får ein best innføring i gjennom fagleg arbeid i skulen. Gudstenester er med god grunn definert ut av KRLE-faget, som ikkje skal vera forkynnande. Gudstenester skaper ikkje læring.*

**c<sub>1</sub>c<sub>1</sub>C<sub>1</sub>**: Skulegudstenester er i seg sjølv ein tradisjon, som er verdt å ta vare på og å forstå.

**c<sub>2</sub>c<sub>1</sub>C<sub>1</sub>**: Ein kjenner seg i større grad del av ein kulturell og nasjonal fellesskap på slike dagar.

**c<sub>2</sub>C<sub>1</sub>**: *Gudstenester er ikkje først og fremst «tradisjon», særleg ikkje for kristne sjølv – det er ei religiøs handling.*

**c<sub>1</sub>c<sub>2</sub>C<sub>1</sub>**: Dei to dimensjonane kan ikkje skiljast frå kvarandre. Skulen har eit generelt oppdrag som tradisjons- og kulturformidlar – opplæringslova seier at han skal formidla kristen og humanistisk arv. Då kjem ein ikkje utanom gudstenester.

**c<sub>2</sub>c<sub>2</sub>C<sub>1</sub>**: Eit fleirtal av norske foreldre ønskjer skulegudstenester («Foreldreretten»).

**C<sub>2</sub>**: **Skulegudstenester er mangfaldstrening. Samfunnet vårt blir stadig meir prega av religiøst mangfald, og det er difor viktig å kjenna religiøse ritual. Erfaring med andre sin religiøsitet er ein viktig kompetanse i eit fleirreligiøst samfunn. Erna Solberg hadde rett då ho kalla det å ikkje gå til skulegudsteneste for «en unnlåtelsessynd».**

**c<sub>1</sub>C<sub>2</sub>**: *Igjen: dette er ei sak for KRLE-faget. Læreplanen i KRLE seier at elevane skal læra om religiøse høgtider, men utan forkynning og utøving.*

**c<sub>1</sub>c<sub>1</sub>C<sub>2</sub>**: Gudstenester er ei oppleving, «innanfrå-læring». Religiøse høgtider blir ikkje stilt ut på museum, men er ein levande praksis («Learning by doing»).

**c<sub>2</sub>c<sub>1</sub>C<sub>2</sub>**: Det opnar opp for refleksjon og kritikk også innanfor kyrkja. Kyrkja sjølv blir meir medviten når ho må venda seg utover sine egne. (Jf. argumentet for statskyrkja.)

**c<sub>2</sub>C<sub>2</sub>**: *Det blir inga tilsvarande formidling av hanukka, id eller tilsvarande festdagar.*

**c<sub>1</sub>c<sub>2</sub>C<sub>2</sub>**: Det må det bli. Religion blir meir og meir ei privatsak, og skulegudstenester hindrar dette. I dagens samfunn er det viktig å bli eksponert for fleire, levande religiøse uttrykk, ikkje færre.

**c<sub>2</sub>c<sub>2</sub>C<sub>2</sub>**: Mange muslimar ønskjer faktisk skulegudstenester. Utan ser dei berre kommers-sida av den norske jula. Skulegudstenesta opnar opp for ei betre forståing av dei andre.

Kjelde: debatt i eit utval norske dagsaviser hausten 2017. Sett saman av Kåre Johan Mjør.



Bloggar er unnateke den redaksjonelle lina som styrer innhaldet på Høgskulen på Vestlandet sin offisielle nettstad

blogg.hvl.no er driven med WordPress